
Hovudutval for samferdsle

Saksbehandlar: Monica Åsnes

Arkiv: N12

Arkivsaksnr.: 04/04056

BEHOVSPRØVING AV DROSJELØYVE I VIK KOMMUNE

Fylkesdirektøren rår hovudutval for samferdsle til å gjere slikt vedtak:

Løyve S-099 med stasjoneringsstad Vangsnes/Feios, vert oppretthalde og lyst ledig.

Prenta vedlegg:

1. Uttale frå NT avd.Sogn og Fjordane
2. Uttale frå Vik kommune
3. Frå Regionalavdelinga
4. Vangsnes Bygdalag
5. Vik og Vangsnes Reiselivslag

SAMANDRAG

I Vik kommune er det i dag 2 løyvehavarar. Eitt hovudløyve med reserveløyve som er stasjonert i Vik sentrum. Eitt hovudløyve med reserveløyve stasjonert i Fresvik. I Vik kommune er det fleire ledige løyve. Tidlegare var det stasjonert løyve både i Feios, Vangsnes og i Framfjorden.

BAKGRUNN

Bakgrunn for at saka er reist er at løyvehavar med stasjoneringsstad Feios har slutta og levert inn løyvet.

VIKTIGE LOVER/REGLAR

Drosjetenesta er undergitt behovsvurdering og tal løyve i kvart løyvedistrikt vert fastsett av fylkeskommunen. Drosjeløyve skal ikkje utferdast i større tal enn det er behov for. Dei sentrale elementa i ei slik behovsvurdering er:

1. Omsynet til publikum for at dei skal ha eit tilfredsstillande transporttilbod.
2. Omsynet til at drosjeeigaren som vert gjeve rett og plikt til å utøve denne verksemda, vert gjeve eit minimum av økonomisk utkomme av verksemda til vedlikehald og investering i tenleg materiell, samt ei rimeleg inntekt.

UTTALE

Vanleg praksis i behovsvurdering som gjeld drosjeløyve er at regionalavdelinga ber gjeldande kommune og Noregs Taxiforbund avd. Sogn og Fjordane om uttale i saka. Brev til uttale er sendt herfrå 02.11.04 med frist til uttale innan 12.11.04.

Innan fristen har vi motteke skriftleg uttale frå begge partar.

I uttale frå Vik kommune står det: "Formannskapet tilrår at det vert lyst ledig hovudløyve for drosje i Feios/Vangsnes. Formannskapet tilrår elles at det vert arbeidd vidare med å få etablert drosjesentral i Vik kommune.

I uttale frå NT avd. Sogn og Fjordane viser vi til vedlagde skriv.

Vik og Vangsnes Reiselivslag, og Vangsnes Bygdalag har sendt inn brev i samband med behovsprøvinga. Begge ynskjer at drosjeløyve får stasjoneringsstad Vangsnes, det pga. ferjeleiet og turisttrafikken.

KONKLUSJON/ TILRÅDING

Utifrå sakstilfang vil vi tilrå at løyve S-099 med stasjoneringssstad Vangsnes/Feios, vert oppretthalde og lyst ledig. Det kan tyde på at det er vanskeleg å få god nok inntening på løyva i Fresvik og Feios. Likevel vil det vere behov for desse løyva i Vik kommune.

Dette kan kanskje løysast ved at ein på sikt opprettar sentral i Vik sentrum, og eventuelt knyter hovudløyve frå Fresvik og Vangsnes/Feios til denne sentralen, og let reserveløyve ta lokaltrafikken i Fresvik, Feios og Vangsnes området. Ein sentral vil gje løyvehavarane moglegheit for vaktordning, slik at løyvehavarane får meir "fritid".